

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Kleppenes Gard
Dato: 17.11.2021
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord
Trude Brosvik	Medlem	Vestland

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 16/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 17/21	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 4/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 3/2021		2019/4183
RS 5/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - referatsak - møte i Rådgjevande utval		2019/4183
RS 6/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - referatsak - Gjennomførte tiltak i 2021		2019/4173
ST 18/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - tiltaksplan for 2022		2019/10675
ST 19/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestilling av tiltaksmidler for 2022		2019/4173
ST 20/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - budsjett for 2022		2019/2581
ST 21/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Revidering av forvaltningsplan		2019/2581
ST 22/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - deltaking frå styret i utval og på ulike møte		2019/2581
ST 23/21	Eventuelt		

ST 16/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2021

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 17/21 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2021

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Vedtak

Protokollar frå møta 4/2020, 1/2021 og 2/2021 vart godkjent og signert

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 3/2021

Delegerte vedtak

- Håkon Hjelle Roset fekk i juni løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport av material
- Nesstranda sankelag fekk i juni løyve til å lande med helikopter ved 3 (4) gjetarhytter i Kandalsfjella i samband med transport av forsyningar og utstyr til hyttene.
- Inge Erikstad og dei andre grunneigarane i Årdalskupa fekk i juli løyve til å lande med helikopter i Årdalskupa i samband med transport av material til naust.
- Kjell Reed fekk i juli løyve til å lande med helikopter på Reedstøylene i samband med transport av material til vedlikehaldsarbeid.

Forslag til nye nasjonalparker

Klima- og miljødepartementet har lagt fram forslag om 10 nye nasjonalparker i Noreg. Desse inkluderer både heilt nye nasjonalparker, og statusendring av nokre landskapsvernområde. Der ligg og inne forslag om utviding av nokre eksisterande nasjonalparker. I vårt nærrområde er Ålfotbreen og Hornelen på lista over nye nasjonalparker, medan det er forslag om ei lita utviding av Jostedalsbreen.

Naustdal-Gjengedal er ikkje på lista over nye nasjonalparker. Naturkvalitetane er til stades, men både Miljødirektoratet og KLD legg til grunn at det truleg er lokal motstand eller skepsis mot nasjonalparkstatus. Og det er derfor lagt på is.

Forvaltarsamling i Trondheim

I starten av oktober var verneområdeforvaltar på samling i Trondheim, i regi av Miljødirektoratet. Det var den første fysiske samlinga av denne typen etter pandemien, og godt oppmøte frå heile landet.

Det var mange relevante tema på programmet, mellom anna evalueringsrapporten om lokal forvaltning, juridiske spørsmål, tilrettelegging av stiar med mykje trafikk og drift av slike stiar.

Koronasituasjonen

No er vi i det store og heile tilbake til normalen. Både i samfunnet, i verneområdeforvaltninga og hjå Statsforvaltaren. Vi har likevel med oss erfaringar med smittevern, med nye måtar å arbeide på og vi vil nok framleis følgje ein del enkle råd for å redusere smittefare i kvardagen.

Administrativt kontaktutval

Tidlegare i år oppretta vi administrative kontaktutval både for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen. Utvala består av administrative tilsette i kommunane og fylkeskommunen, som er våre "kontaktpersonar".

I samråd med begge utvala har vi slått dei saman, sidan halvparten av dei involverte sat i begge utvala.

20.okt hadde vi første møte i det felles utvalet. Tilbakemeldingane var veldig gode. Utvalet ønskjer to møter i året, kor det eine møtet gjerne kan vere fysisk kombinert med tur eller synfaring.

Felles samlingar med styre og Rådgjevande utval vart og nemnt som eit godt alternativ.

Forvaltningsknutepunktet har fått ny huseigar

Kråna Eigedom, som forvaltninga leiger kontorplass med på Sandane, har fått nye eigarar. Det er enno usikkert kva planer dei nye eigarane har for lokala. Vi har leigeavtale med 3 mnd oppseiingstid.

Saman med Statsforvaltaren so ser vi på litt ulike alternativ.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - referatsak - møte i Rådgjevande utval

30.september var det møte i Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde på Skei hotell. Referat ligg vedlagt til sakspapira. Desse møta har vi normalt ein gong for året og då på hausten. Møta er ein viktig kanal både for å få informasjon frå forvaltninga og ut til grunneigarar og brukarar, og for å få innspel frå dei og inn til forvaltninga.

Det var eit godt møte med godt engasjement frå medlemmane i utvalet. Særleg var det ein god diskusjon om nivået på tilrettelegging og merking av stiar og ruter i fjellet. Det var og nokre presentasjonar av planar og ønsker som grunneigarar og organisasjonar har.

Fleire stilte og spørsmål til forvaltninga. Verneområdeforvaltar svarte ut spørsmåla etter beste evne.

Det kom fram nokre innspel til tiltak som er aktuelle for tiltaksmidlar i 2022.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre -referatsak - Gjennomførte tiltak i 2021

I 2021 har vi fått tildelt kr 550.000 i tiltaksmidlar til tiltak i og rundt verneområdet. Vi hadde opphavelag ei liste med 15 tiltak som vi ville jobbe med. Av desse vart 12 tiltak vurdert av Miljødirektoratet til å vere innanfor postføremålet og i tråd med strategien for bruk av tiltaksmidlar. I styremøte 1/2021 vart dei 550.000 fordelt på dei 12 tiltaka.

Endringar gjennom året:

- Eit tiltak har i løpet av året gått ut. Derfor vart 50.000 som vart sett av til rasteområde ved Botnavatnet overført til klopplegging langs Storevatnet.
- Skilting og merking av stiar har blitt sett i samanheng og begge desse summene har blitt brukt på ruta frå Berdalseggja til Eikeneshesten.

Det har blitt jobba med 11 av dei 12 «godkjende» tiltaka, og det har blitt jobba godt! Per 08.11.2021 so er om lag halvparten av løyvinga på 550.000 attestert/utbetalt. Dei grunneigarlaga vi har avtale med om skjøtsel eller stiarbeid har frist 15.11 til å rapportere og sende faktura. Vi ventar derfor på desse fakturaane, og går ut i frå at det aller meste av tiltaksmidlane vil verte brukt.

Det har vore eit aktivt år med mange tiltak og mykje godt arbeid. Vi har hatt eit veldig godt samarbeid med grunneigarlag, organisasjonar og tenesteleverandør.

Vedlagt til sakspapira ligg oversikt over gjennomførte tiltak og utbetalingar per 08.11.21. Oppdatert versjon vert synt i møtet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	18/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - tiltaksplan for 2022

Handsaming i møtet:

Framlegg til revidert tiltaksplan vart presentert og gått gjennom punkt for punkt. Styret gjorde mindre endringar.

Vedtak

Tiltaksplan for Naustdal-Gjengedal vart vedteken. Tiltaksplanen gjeld fram til ny plan vert revidert og vedteken.

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek revidert tiltaksplan for landskapsvernområdet, som skal vere grunnlag for tiltak i 2022 og søknad om tiltaksmidlar. Tiltaksplanen gjeld til ny plan vert vedteken.

Saksopplysningar

Kvart år søker verneområdestyret om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane, og for å oppnå dei måla som er sett i forvaltningsplan og besøksstrategi. Tiltaka som vert planlagt og søkt om midlar til, bør vere forankra i planverk, som til dømes ein tiltaksplan.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har ein tiltaksplan som er eit enkelt og dynamisk dokument. Tiltaksplanen er å rekne som eit vedlegg til forvaltningsplanen.

Verneområdestyret brukar å revidere tiltaksplanen enten kvart eller annankvart år. Då kvitterer ein ut og tek vekk tiltak som er gjennomført, tek vekk tiltak som ikkje lenger er aktuelle, og legg til nye tiltak som det har kome innspel om eller som forvaltninga sjølv ser bør gjennomførast. Det hender og at tiltak som allereie står i tiltaksplanen vert oppdatert eller justert i tråd med utført arbeid eller ny kunnskap.

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	19/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestilling av tiltaksmidler for 2022

Vedtak

1. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok følgende prioriterte liste over tiltak som krev tiltaksmidler i 2022. Lista vert lagt til grunn for søknad om tiltaksmidler for 2022.

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	15 000
2	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
3	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
4	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
5	Sti langs Storevatnet - kloppegging til Byrkjeneset	Gjere ferdig siste delen inn til Byrkjeneset. Noko kloppegging. Vurdere andre mindre tiltak.	100 000
6	Sti mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalsstøylen	Trekloppar over myrparti på stien mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalsstøylen.	25 000
7	Tilrettelegging i Botnen/Angedalen	Knyte saman eksisterande stiar og vegar i området mellom Botnen og Botnavatnet. Rydde gamle stiar og fiskeplassar langs elva.	50 000
8	Merking og rydding Byrkjeneset - Måsevassdalen - Longevasshytta	Remerking og rydding av ruta frå Byrkjeneset, via Måsevassdalen og til Longevasshytta. Særleg strekninga frå Byrkjeneset til og med Måsevassdalen treng merking og rydding.	40 000
9	Fjerning av ikkje-ynskete artar	Førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	200 000
10	Kloppegging Kandalstøylen-Sørsendalen	Behov for kloppar på nokre få stader langs dalbotnen i dalen innover mot Sørsendalen	25 000

11	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar. Kostnad 1 infoskilt om lag 50.000	100 000
12	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000
Totalt			710 000

2. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok vedlagt bestilling av SNO-ressursar. Denne vert sendt til SNO lokalt og sentralt.

Saksutgreiing

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2022. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtelsesplan . Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt. Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads-overslag (totalt)
	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	10 000
	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000
	Skjøtels Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
	Merking og rydding Byrkjeneset - Måsevassdalen - Longevasshytta	Remerking og rydding av ruta frå Byrkjeneset, via Måsevassdalen og til Longevasshytta. Særleg strekninga frå Byrkjeneset til og med Måsevassdalen treng merking og rydding.	40 000
	Tilrettelegging i Botnen/Angedalen	Knyte saman eksisterande stiar og vegar i området mellom Botnen og Botnavatnet. Rydde gamle stiar og fiskeplassar langs elva.	50 000
	Sti langs Storevatnet - klopplegging til Byrkjeneset	Gjere ferdig siste delen inn til Byrkjeneset. Noko klopplegging. Vurdere andre mindre tiltak.	100 000
	Fjerning av ikkje-ynskte artar	Førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	200 000
	Klopplegging Kandalsstøylen-Sørsendalen	Behov for kloppar på nokre få stader langs dalbotnen i dalen innover mot Sørsendalen	25 000
	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar. Kostnad 1 infoskilt om lag 50.000	100 000
	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere om på tidlegare utbetring av råsa gjennom Ura. Her vart det bygd ei steintrapp i 2011 (?) som storfe ikkje likar å gå i. Vurdere grusdekke i staden for?	120 000
		Totalt	750 000

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	20/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - budsjett for 2022

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok framlegg til driftsbudsjett for 2022 på totalt 96.660,-

Styret vedtok i tillegg å søkje om midlar til kartlegging i samband med revidering av forvaltningsplan:

Kartlegging av våtmarksområde i Naustdal-Gjengedal: kr 100.000

Kartlegging av kulturlandskap i og rundt støylsmiljø i Naustdal-Gjengedal: kr 200.000

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til driftsbudsjett for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre for 2022 ligg vedlagt til sakspapaira.

Saksopplysningar

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventa kostnadar som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrt bør ta stilling til.

Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året. Med den saksmengda som Naustdal-Gjengedal har i eit normalt år, so er det tilstrekkeleg for å handtere og handsame sakene. Det vanlege er derfor å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjerdsle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnadar og kostnadar til lokale og servering på møta.

Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret.

Representantane her har krav på å få dekkja reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med

møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjerdsle.

Normalt sett har vi eitt møte i utvalet kvart år. I samband med revidering av forvaltningsplan eller anna planarbeid kan det vere aktuelt med fleire møte i utvalet.

Nasjonalparkkonferanse

Det har kome signal frå Miljødirektoratet at dei vurderer å arrangere fysisk Nasjonalparkkonferanse i 2022. Nasjonalparkkonferansen rettar seg mot styremedlemmer i nasjonalpark- og verneområdestyre. Miljødirektoratet dekkar sjølve konferansen over sine budsjett, men styret må dekke reise og eventuelt tapt arbeidsforteneste for styremedlemmer som vil delta. Vi må derfor ta høgde for det i budsjettet.

Andre kostnader som eventuelt må dekkast over driftsbudsjettet:

- Studietur
- Synfaringar
- Planarbeid
- Innleige av eksterne ressursar (til dømes i samband med planarbeid eller kartleggingar).
- Nettsider

Lønnskostnader til forvaltar og drift av forvaltningsknutepunktet på Sandane vert dekkast over Statsforvaltaren sitt budsjett. Tiltak vert dekkast av tiltaksmidlane, som er ein annan post på statsbudsjettet. Dei skal derfor heller ikkje vere ein del av driftsbudsjettet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	21/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Revidering av forvaltningsplan

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vil starte prosessen med revidering av forvaltningsplan i 2022. På første styremøte i 2022 skal verneområdeforvaltar legge fram forslag til planprosess og tidsplan.

Som ein del av dette arbeidet skal det og søkjast om planmidlar til kartlegging av våtmark og kulturlandskap (sjå sak ST 20/21).

Saksutgreiing

Alle nasjonalparker og store landskapsvernområde skal ha ein forvaltningsplan.

Forvaltningsplanane skal vere supplerande til verneforskrift og gje meir detaljert og utfyllande retningslinjer om kva som er lov å gjere i verneområdet, kva som må sløkast om og kva som ein ikkje kan rekne med å få løyve til. I tillegg står det mykje nyttig informasjon om naturverdiar, verneverdiar og bruk av verneområdet. Naustdal-Gjengedal LVO fekk sin godkjent og vedtatt i 2015.

Planperioden til ein forvaltningsplan bør ikkje vere lenger enn ti år. Naustdal-Gjengedal sin vil i 2022 vere sju år gammal. Det bør og namnast at det var ein lang prosess å skrive og få godkjent planen. Prosessen med forvaltningsplanen starta tilbake i 2010, og ein god del av kunnskapsgrunnlaget er derfor frå 2010.

Miljødirektoratet har fått laga ei løysing som heiter [Forvaltningsplaner på nett for verneområder](#). Gjennom den løysinga so skriv ein forvaltningsplanen på nettet etter ein felles mal for forvaltningsplanar, og planen vert liggande tilgjengeleg på nett når den er ferdig.

Styret bør vurdere kor tid ein skal starte prosessen med å revidere forvaltningsplanen. Det er vanskeleg å seie kor lang tid ei revidering vil ta, men to år er eit ganske realistisk anslag.

Dersom ein skal gjennomføre revideringa i løpet av styreperioden, so bør vi starte på prosessen tidleg i 2022.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/21	17.11.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - deltaking frå styret i utval og på ulike møte

Vedtak

1. Heile styret skal kallast inn til møta med Rådgjevande utval. So sant det er mogeleg skal møta i Rådgjevande utval leggst saman med styremøte nr 3 i september kvart år.
2. Styret skal i utgangspunktet ikkje kallast inn til møta i Administrativt kontaktutval.
3. På møte med departement eller direktorat skal i utgangspunktet styreleiar representere styret.
4. På synfaringar og andre typar møte vurderer verneområdeforvaltar i kvart enkelt tilfelle om det er naturleg å kalle inn heile eller delar av verneområdestyret.

Saksutgreiing

Det har vore litt uklarheiter og misforståingar mellom forvaltar og styre når det gjeld deltaking i rådgjevande utval og innkalling til møte i utvalet. Det er derfor på sin plass med ein diskusjon i styret kring deltaking i ulike utval og på ulike typar møte.

Verneområdestyret har eigne vedtekter (ligg vedlagt til sakspapira). Vedtektene regulerer ein del av møteverksemda og bruk av utval, men mykje er og opp til styret sjølv å avgjere.

Sjølve verneområdestyret og møta der

Her møter sjølvsagt alle representantar og det vert kalla inn vara ved meldt forfall.

Arbeidsutval

Styret kan opprette arbeidsutval i følge vedtektene. Det har lite føre seg når styret er på tre medlemmer, og etter at det vart opna for å delegere mynde til forvaltar har det heller ikkje vore behov for arbeidsutval. Naustdal.Gjengedal vo-styre har derfor ikkje hatt AU på mange år.

Rådgjevande utval

I følge vedtektene skal styret opprette rådgjevande utval, og NG vo-styre har hatt rådgjevande utval sidan 2012. Vidare står det i vedtektene at styret bør ha minst eitt årleg dialogmøte med utvalet.

Til no har NG vo-styre hatt som praksis å ha eitt møte for året med rådgjevande utval, som har vore lagt til hausten. På møta har verneområdeforvaltar og naturoppsyn møtt frå forvaltninga, og so har styreleiar møtt og representert styret. Dei øvrige styremedlemmane har altso ikkje vore kalla inn. Styreleiar har leia møta. Tidlegare hadde vi dessutan leiar og nestleiar i utvalet, men vi har slutta med det sidan desse rollene ikkje hadde noko reelt innhald.

Enkelte andre og større verneområde og nasjonalparker gjer nok litt meir ut av desse møta. Der er heile styret med, og møte i utvalet er lagt i tilknytning til eit styremøte. Det er gjerne lagt opp som ei samling med overnatting og kanskje kombinert med ein tur eller ei synfaring.

Administrativt kontaktutval

I vedtektene står det at styret bør ha administrativt kontaktutval, samansett av representantar frå administrativt nivå i kommunane og fylkeskommunen. I Naustdal-Gjengedal har vi ikkje hatt administrativt kontaktutval tidlegare. I evalueringsrapporten om lokal forvaltning som kom tidlegare i år, vart det sterkt oppmoda om at alle bør ha eit slikt utval, og styret vedtok derfor tidlegare i år å opprette administrativt kontaktutval.

Av praktiske årsaker har vi no eit felles administrativt kontaktutval for både Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde. Utvalet ønskjer to møte for året, og at møta vert gjennomført på teams, med mindre dei vert lagt opp med synfaring eller liknande.

Andre møter og samanhengar der det kan vere aktuelt med representasjon frå styret:

- Synfaringar
- Opne møter i samband med planprosessar eller særskilde tema
- Møter med andre offentlege instansar (direktorat, departement)
- Møter med reiselivet sine verksemder
- Møter med grunneigarar og organisasjonar (uavhengig av Rådgjevande utval)
- Møter/samhandling med Statsforvaltaren som arbeidsgjevar for forvaltar

I desse møta vil det vere naturleg å vurdere deltaking frå styret i kvart enkelt tilfelle. Her vil det vere stor variasjon i behovet.

ST 23/21 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 17.11.2021

Vedtak

- På styremøte 1/2022 skal verneområdeforvaltar legge fram ei oversikt/kart over kor det er sett opp ulike typar informasjonsskilt og portalskilt. Kartet skal og syne aktuelle stader for oppsetting av nye skilt.
- På styremøte 1/2022 skal verneområdestyret sette opp møteplan for heile 2022, inkludert møte med Rådgjevande utval.